

Kulturminne/ kulturmiljø

Rettleiing SMIL midlar for perioden 2021-2024

Vilkår:

Viser til § 2, § 3 og § 4 i Forskrift om tilskot til særlege miljøtiltak i jordbruket FOR-2004-02-04-448 sist endra FOR-2020-12-21-3044 med verknad frå 01.01.2021.

Søknad:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema LDIR- 430 N *Søknad om tilskot til Spesielle Miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*. Du finn elektronisk skjema ved å gå inn www.landbruksdirektoratet.no velg deretter skjema i høgre marg og søk opp skjemaet »Søknad om Spesielle miljøtiltak i jordbruket» og logg inn på skjemaet med Bank-id. Sjå elles rettleiing på søknadsskjema og Strategiplan for SMIL midlar 2021-2024 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Strategiplanen skal ligge på heimesida til kommunane under landbruk. Visst du ikkje finn den der ta kontakt med Herøy kommune, avdeling Landbruk, Nedre Dragsund 2, 6080 Gurskøy eller på e-post til landbruk@heroy.kommune.no

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert handsama før den er fullstendig med alle opplysningar og vedlegg. For å ha rett på tilskot til tiltaket (prosjektet), kan ikkje arbeidet startast opp før det er løyvd midlar til tiltaket. Ved løyving vert det gitt inntil 3 års arbeidsfrist som etter skriftleg søknad kan forlengjast med inntil 2 år.

Vedlegg som skal liggje ved søknaden:

- Kostnadsoverslag for tiltaket
- Foto som viser kulturminne/ kulturmiljø
- Kart i målestokk 1:1000, 1:2000 eller det som er høveleg
- Gjødselplan
- Sprøytejournal
- Kart i målestav 1: 5000 over eige og leigd areal som føretaket disponerer
- Alle miljøverdiar, samt areal der det er risiko for tap av jord og næringsstoff, skal kartfestast og beskrivast, jamfør forskrifter §6
- For søknad om tiltak på annan manns eigedom skal det leggast ved dokumentasjon på at eigar samtykker i at tiltaket/ prosjektet kan gjennomførast.

Tiltaket:

Døme på tiltak er skjøtsel av vegetasjon rundt kulturminne. Istandsetjing, vedlikehald og ivaretaking av kulturminne som steingardar (også nye), istandsetjing av steinmurar, lokale gjerdetypar, høylører, smier, kvernhus, seterhus, allear, naust, jaktanlegg, tjøremile med meir.

Kostnadsoverslag:

Her har vi sett opp nokre døme på kostnadar.

Steingard som ligg delvis nede og skal byggjast opp til 1-1,75 m. Ein kan rekne 3 – 6 timer pr. løpemeter à kr 350 pr. time = kr. 1050- 2100 pr. meter.

Det kan òg vurderast å løyve tilskot til nye steingardar der det fell naturleg inn som del av kulturlandskapet. Godkjent tilskotsgrunnlag vert då vurdert i kvart enkelt høve.

Timesats:

Eige arbeid:

- Kr. 350 pr. time.
- Kr. 50 pr. time i tillegg for bruk av motorsag.
- Kr. 550 pr. time for bruk av egen traktor med førar.

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarende.

Leigd arbeid:

- Kr. 350 pr. time.

Tilskotsats:

Inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag.

Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.